

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 20. desember 2013

Høyringsfråsegn gjeldande overføring frå Middagsvatnet til Mauranger kraftverk

Vi viser til brev 19. september 2013 frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeldande søknad frå Statkraft Energi om konsesjon til å overføre Middagsvatnet til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune (NVE saksnummer 201302845).

Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største friluftslivorganisasjon med om lag 25.500 medlemmer. Bergen og Hordaland Turlag skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern innanfor områda med tilknytning til laget si verksemd. Bergen og Hordaland Turlag har både natur- og friluftslivsinteresser i området som no er aktuelle for eventuell utbygging. Kvinnherad Turlag, som er vårt lokallag, har stor aktivitet og interesser i dette området.

Vi ønskjer å vera ein konstruktiv høyringspart i energisaker, og særleg ivareta omsynet til natur- og friluftslivsinteresser i høyringa.

Friluftslivsinteresser i influensområdet

Prosjektet gjeldande overføringa av Middagsvatnet til Mauranger kraftverk skal handsamast etter sakshandsamingsreglane som går fram av Vassdragsreguleringslova (vregl.) § 6. Noregs vassdrags- og energidirektorat vil ved konsesjonsvurderinga ta utgangspunkt i vregl. § 8. Omsynet til friluftsliv og landskap er viktige moment som fell inn under lova sin ordlyd om "allmenne interesser" og som skal inngå i ei interesseavveging etter bestemminga. Særleg vert dette eit viktig moment når influensområdet inngår i eit område av stor verdi for friluftslivet. I lys av vregl. § 8 vil Naturmangfaldlova (nml.) § 7 leggja til grunn miljørettslege prinsipp som skal vurderast og gå fram av den endelege avgjerda frå NVE. Vi vil difor gje innspel til moment som får tyding i høve interesseavveginga i vregl. § 8, og innspel til moment som vil vera viktig i forhold til sumverknadsvurderinga etter nml. § 10. Ei særskild vurdering av kumulative inngrep er relevant med utgangspunkt i vregl. § 8 på sjølvstendig grunnlag. Sjølv om det einskilde tiltaket vert vurdert til ikkje å ha store skadeverknader, så vil vurderinga av

eventuelle framtidige inngrep i området ha tyding for vurderinga etter vregl. § 8. Ei slik vurdering vil også vera utslagsgjevande for om prosjektet kan få konsesjon eller ikkje. Eit

anna moment er at kraftprosjektet må kunne visa til fordelar som overstig eventuelle ulemper for "allmenne interesser", jf. vregl. § 8.

Allmenne interesser i influensområdet

Fagutgreiinga om friluftsliv gjev diverre ikkje eit korrekt bilete av bruken av området. Sjølv om det ikkje er merka rute gjennom influensområdet, så vert dette området mykje nytta. På s. 54 i friluftslivutgreiinga vert det skrive: "Inngrepene vil ikke berøre stier eller løyper. De vil heller ikke være synlige fra Keiserstien eller fra tilførselsstier til denne, eller fra jakthytta. Inngrepene vil kun oppleves dersom en går omkring Middagsvatnet eller Øvre Trombetjørn. Valg av inntakssted i Middagsvatnet (alt. A eller B) har ingen betydning for friluftslivet. Opplysninger tyder på at få potensielle friluftslivsutøvere vil bli berørt. Redusert vannføring i Nonsgilet har ingen betydning for friluftslivsinteresser. Omfanget vurderes som *lite negativt*. Tiltaket vil ikke endre bruksmuligheter eller områdets attraktivitet i vesentlig grad og konsekvensen vurderes som *liten negativ*."

Det er korrekt at Nonsgilet, som er eit vanskeleg tilgjengeleg rasskar, ikkje vert nytta i friluftslivsamanhang. Imidlertid vert området mellom Middagsvatnet og Nedre Trombetjørn mykje nytta i friluftslivsamanhang, til trass for at det ikkje går noko merka rute her. Traseen som går forbi dette området frå Rennedalsskaret vert mykje nytta av kvinnheringar på tur, og vert nytta ved ulike turarrangement og av breførarar til alle årstider. Det er difor å ta for sterkt i når fagkonsulenten konkluderer med at området kring Middagsvatnet og Øvre Trombetjørn har "ingen betydning for friluftslivet". Vi meiner difor at konsekvensgraden for friluftslivinteresser og konsekvensvurderinga av friluftslivet ikkje vert korrekt vurdert i høve bruken av influensområdet, og at det føreligg ei mangefull vurdering av friluftslivet i fagutgreiinga.

Auka vassføring i Rennedalsskaret og konsekvensar for friluftslivet

Fagutgreiinga om hydrologi reknar at vassføringa vil auke med ned Rennedalsskaret. Det er estimert at auka vil vera på 33% ved bekkeinntaket. I hydrologirapporten viser figur 16 strekning nr. 4 (s. 15/35) som er mellom Øvre Trombetjørn og bekkeinntaket (kote 900). For dette strekket er det rekna på vassføringa, og i fagutgreiinga for hydrologi er det estimert ei auke på 39 liter per sekund ("midlere vannføring"). Dei estimerer at det vil vera størst volummessig auke i perioden mai til juli (jf. s. 26/35 – tabell 8). Under avsnitt 14.2.9 (s. 42 i søknaden) vert det skrive at "En annen mulighet er å gå opp fra Rennedalsvatnet (581 m o.h), hvor det er p-plass. Oppgangen i Rennedalsskardet er spesielt krevende fordi en må klatre opp et bratt skar med mye løs stein". I fagutgreiinga vert det lagt vekt på at oppgangen er "spesielt krevende", men i verklegheita vert oppgangen mykje nytta av heilt vanlege folk på tur. Ei auke i vassføringa ned Rennedalsskardet, slik søknaden legg opp til, vil gjera at det vil kunne verta til fare for turfolk som er vane med å gå opp her. I vårskisesongen er det stor ferdsle opp Rennedalsskaret, og dette er den raskaste vegen til turisthyttene Breidablikk og Fonnabu. Seint i sesongen vil stor vassføring under snødekket i det bratte skaret kunne vera til fare for skiløparar, og det vil kunne vera fare for fall i elvefaret. Snøfonna kan verta undergraven av ei

større vassføring, og difor kan utbygginga øydeleggja ein mykje brukt ferdselsveg inn i nasjonalparken. Vi savnar at desse konsekvensane er tatt omsyn til i søknaden.

Landskap og sårbart høgfjell

Tiltakshavar vektlegg i prosjektsøknaden at landskapsforma er "regionalt representativ (typisk)". I "Fylkesdelplanen for små vasskraftverk 2009 – 2021" er området klassifisert som sårbart høgfjell av stor verdi. Influensområdet for prosjektsøknaden ligg i nærsona til Bondhusdalen landskapsvernområde. Ut frå kartdata i Naturbase er estimert avstand mellom landskapsvernområde og inngrepet det vert søkt konsesjon for om lag 350 – 250 meter i frå. Dei nedre delane av Trombetjørnane ligg innanfor landskapsvernområdet, men drenerer mot Rennedalen. I forhold til Folgefonna nasjonalpark ligg inngrepet om lag 1,3 – 1,9 km frå verneområdet. Området kor inngrepet er tenkt gjennomført har fått "stor verdi" som regionalt friluftsområde i "Fylkesdelplanen for små vasskraftverk 2009 – 2021".

Området har i dag fleire tekniske inngrep i nærleiken, td. inntaket i Rennedalen. I tillegg ligg området i det tiltakshavar skildrar som ei "randsone" inn til eit svært viktig friluftsområde. Området ligg ikkje berre på ein stad med store friluftslivinteresser, men ligg også i randsona til eit landskapsvernområde og ein nasjonalpark. At området allereie er prega av tekniske inngrep gjer ikkje at ein automatisk kan opna opp for fleire inngrep. Det er difor nødvendig at det vert lagt fram ei vurdering av det totale presset på området, og omsynet til å ivareta heilskapen i ei randsone rundt eit svært viktig friluftsområde, landskapsområde og verneområde i høve tyngre tekniske inngrep. Ei heilskapleg tilnærming i energiplanlegginga er difor viktig å leggja vekt på.

Manglande referansar om friluftslivkjelder

På side 28 i avsnittet om metode og datagrunnlag vert det skrive: "Opplysningene er innhentet fra Kvinnherad kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommunene, Bergen Turlag, Kvinnherad Turlag, Odda/ Ullensvang Turlag og flere lokalkjente personer" og s. 34: "Disse er igjen basert på opplysninger framkommet gjennom kontakt med fylkesmannen i Hordaland, Bergen turlag, lokal forvaltning og berørte interesser". Det går ikkje fram av kjeldelistene kven dei har vore i kontakt med hjå Bergen Turlag? Det står heller ikkje noko i referanselista om kva kjelder frå Bergen Turlag, Kvinnherad Turlag og Odda/Ullensvang Turlag som eventuelt er nytta som grunnlag i rapporten. Imidlertid går det fram av teksten at det er henta informasjon frå nettsidene til Bergen Turlag (jf. s. 31 faktaboks i rapporten frå SWECO). Referanselista burde visa kva konkrete nettsider hjå Bergen og Hordaland Turlag som fagkonsulentane legg til grunn for rapporten og kven som eventuelt har vore kontaktperson for opplysingar, dersom fagkonsulentane i det heile har vore i kontakt med nokon i vår organisasjon. Vi håpar at tiltakshavar eller fagutgreiar kan visa til referansar for dette punktet i prosjektsøknaden.

Samla vurdering med særleg omsyn til friluftslivinteresser på Folgefonnhalvøya

Vi vil visa til at Noregs vassdrags- og energidirektorat arbeider med ei større småkraftpakke for Folgefonnhalvøya som inneheldt 13 prosjekt i Ullensvang herad, Jondal kommune og Kvinnherad kommune. I denne pakka er det også eit O/U-prosjekt som gjeld overføring av Sitautevatn til Småstølsvatnet til bruk i Valen kraftverk. Dette O/U-prosjektet vert handsama etter Vassressurslova, og er estimert til å gje ein årleg produksjonsauke på 1,6 GWh.

Småkraftpakka for Folgefonnhalvøya er førebels ikkje ferdighandsama. I samband med høyringa av småkraftpakka for Folgefonnhalvøya ba Bergen og Hordaland Turlag om at O/U-prosjektet i tilknytning til Middagsvatnet måtte inngå i sumverknadsvurderinga etter Naturmangfaldlova (nml.) § 10 for Folgefonnhalvøya. Det er NVE sjølv som bestemmer geografisk avgrensing for vurdering av samla belasting, og som sjølv har definert området Folgefonnhalvøya som ei tenleg avgrensing. Vi meiner difor at det er naturleg at overføringa gjeldande Middagsvatnet vert vurdert av NVE i samanhang med dei andre prosjekta det er søkt om på Folgefonnhalvøya.

Prinsippet om økosystemtilnærminga og vurdering av samla belasting går fram av naturmangfaldlova § 10. Ei heilskapleg tilnærming til forvaltning av vassressursar følgjer også av vassforskrifta. Eit anna omsyn ved vurdering av sumverknader er å hindra ei bit-for-bit utbygging utan ein overordna plan. Sjølv om det førebels ikkje føreligg noko tilrådd, offisiell metodikk for vurdering av sumverknader, så føreligg det rettslege krav til vurdering av sumverknader og forvaltingspraksis, td. sakshandsaminga for tilsvarande småkraftpakker i Hordaland for områda Voss, Valldalen og Sørfjorden.

Omsynet til ”samla belasting” tilseier at ein også vurderer både eksisterande inngrep som er fullførte, vedtatte, planlagte og omsøkte inngrep i forhold til økosystem og naturmangfald. Av førearbeida til naturmangfaldlova går det også fram at påverknad av estetisk karakter også er relevant som del av vurderinga etter nml. § 10.

Av tyding for vurderinga av samla belasting på Folgefonnhalvøya i forhold til friluftslivinteresser, landskap- og naturverdiar, som vi ønskjer å påpeike i denne samanhangen:

1. I sammendraget skriv Statkraft at dei ”ønsker å utnytte en større del av det energipotensialet som finnes nær allerede regulerte og overførte vassdrag som i dag nyttes i Folgefonnverkene”. Dersom Statkraft har ein overordna plan for fleire O/U-prosjekt i området burde desse presenterast i sin heilskap og i samanhang.
2. Dei 13 prosjekta i ”Folgefonnapakken” må leggjast til grunn i sumverknadsvurderinga.
3. Vi føreset at annan infrastruktur innanfor den geografiske avgrensinga ”Folgefonnhalvøya”, både eksisterande og planlagte, som er del av energiplanlegginga, td. kraftframføring, vasskraftverk vert inkludert i vurderinga av ”samlet belasting”.

Avsluttande vurdering

Mauranger kraftverk har i dag ein årleg produksjon på 1150 GWh. Ein produksjon på 2,2 GWh per år er svært lita auke for Mauranger kraftverk i høve inngrepa som skal til for å realisera ein så liten produksjonsauke. Produksjonsgevinsten på 2,2 GWh er på størrelse med eit minikraftverk, og tilsvarar straum til om lag 110 husstander. Vi kan diverre ikkje sjå at dette er eit kvalitetsmessig godt kraftprosjekt som vil føra til ei vesentleg auke i kraftproduksjonen.

I hovudsak meiner vi at det ikkje føreligg fordelar med kraftprosjektet som overstig ulempene for friluftslivinteresser, opplevings- og landskapsverdi, jf. vregl. § 8. Difor meiner vi at prosjektet i utgangspunktet ikkje bør få konsesjon.

Med vennleg helsing

Jane Britt Daae
Fungerande dagleg leiar
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg